

Til Distriktnæringsutvalet

Geilo 27. mai 2020

Innspel frå Fjellnettverket til distriktnæringsutvalet

Fjellnettverket er eit politisk nettverk for kommunar, regionråd og fylkeskommunar. Vi arbeider for å sette spørsmål for fjellområda på dagsorden og for livskraftige fjellbygder. Fjellnettverket representerer fire fylkeskommunar, åtte regionråd og fleire kommunar i fjellområda i Sør Noreg. Fjellnettverket er et politisk nettverk for kommunar, regionråd og fylkeskommunar i Sør-Norge.

Fjellnettverket takkar for at me fekk delta på høyringa til utvalet og innspela frå den gongen gjeld framleis. Men verda ser annleis ut enn den gjorde i januar. Koronaviruset har hatt og har ført til spesielt store konsekvensar for fjellområda.

Ein viktig årsak til dette, er samansetninga av næringslivet i fjellområda. For dei som bur og lever i fjellområda, er ikkje problemstillinga knytt til næringsutvikling og eit einssidig næringsliv ny, men reiseforbod og andre koronatiltak har aktualisert dette og viser no kor alvorleg situasjonen er.

Særlege utfordringar i fjellområda

Med fjellområde meiner vi areal som ligg minst 700 moh i Sør-Norge og 600 moh i Nord- Trøndelag. Ein fjellkommune er ein kommune med minst 50 prosent fjellområde innanfor sine grenser. Totalt er det 77 fjellkommunar i Sør Noreg og dei dekker eit område på over 90 000 kvadratkilometer.

Fjellområdas betydning for ei berekraftig samfunnsutvikling og ressursutnytting får stadig større merksemd internasjonalt. Men i Noreg har distriktpolitikken i liten grad retta seg inn mot desse områda spesielt og tek i liten grad høgde for dagens utfordringar i fjellområda. I mandatet til utvalet står det at utvalet sjølv kan velje grafisk inndeling for analysane og Fjellnettverket ber distriktnæringsutvalet sjå på fjellområda som eit eige område med behov for ein næringspolitikk som rettar seg mot det ressursgrunnlaget og føresetnadene som ligg i fjellområda.

For å kartlegge status for befolkninga og næringsliv i fjellet, har Fjellnettverket i samarbeid med Fjell-Forsk-Nett, utvikla ein fjellindeks. Fjellindeksen viser mellom anna at utfordringar knytt til næringslivet er store. Næringslivet i fjellområda har mindre vekst enn resten av landet og er basert på næringer ein ikkje reknar med stor vekst framover. Unntaket har i fleire år vore reiselivet, som har vore ein sentral drivar for utvikling og vekst i fjellet. Konsekvensane av korona-utbrotet har gjort at det er usikkert korleis dette kjem til å utvikle seg både på kort og lang sikt.

Fjellområda i Noreg har naturgitte føresetnader som har andre grunnlag for utvikling og forvaltning samanlikna med resten av Noreg. Berekraftig bruk av fjellområda og utvikling av ressursane i fjellet er viktig for ei berekraftig og klimavenleg framtid. God forvaltning og bruk av desse områda stiller spesielle krav, og kan skje best når det bur folk i og nær fjella.

Ein variert og trygg arbeidsmarknad er grunnlaget for busetting og økonomisk vekst. Differensiert arbeidsgjevaravgift har vore og er eit viktig distriktpolitisk tiltak. Men er ikkje tilstrekkeleg. I sentrale strøk blir det stadig meir pressa bustadprisar og trykk på offentlege tenester på grunn av folketalsauken. I fjellområda treng vi arbeidskraft for å møte demografiutfordringane og for å halde oppe viktige offentlege tenesteområde, derfor bør det det i større grad satsast på næringsutvikling i fjellområda. Låg arbeidsløyse og ein arbeidsmarknad der ulike kompetanse kan sysselsetjast er naudsynt for at fjellområda skal vere attraktive plassar for fastbuande.

Fjellnettverket foreslår tre tiltak konkrete tiltak som me ber om at distriktnæringsutvalet vurderer i sitt vidare arbeid:

1. Nytt verdiskapingsprogram for næringsutvikling i fjellområda

Fjellnettverket foreslår ei ny og målretta satsing på verdiskaping i fjellområda. Fjellnettverket meiner det er naudsynt med konkrete tiltak for å utvikle eit meir variert og framtidretta næringsliv i fjellområda. Programmet «Verdiskapingsprogrammet for næringsutvikling i fjellområdene» frå Kommunal- og Moderniseringsdepartementet i perioden 2012-2017, bør brukast som utgangspunkt for ei ny satsing.

Det er liten tvil om at det er store ressursar i fjellområda. Men som fjellindeksen og viser, er det store utfordringar knytt til næringslivet. Lange avstandar, få med høgare utdanning, færre møteplassar og mindre mogelegheit for kompetanseheving, er nokre av årsakene. Det gjer det naudsynt å styrke nyskaping og innovasjon.

Fjellnettverket meiner det ligg eit stort potensial i å auke verdiskapinga i fjellområda. Nedgang i folketal og eit einseitig næringsliv er tendensar det er mogeleg å endre på. Naturressursar som reint vatn, natur og areal, kjem til å bli meir etterspurd i framtida. Produksjon av rein, trygg mat som nyttar utmarka, likeså. Eit reiseliv som tek utgangspunkt i lokale matproduksjon og opplevingar, næringsverksemd mot fritidsinnbyggaren, gir grunnlag for vekst. Men skal me nytte desse ressursane og få eit robust og framtidretta næringsliv, trengs det fleire arbeidsplassar som er attraktive for yngre folk med høg utdanning. Det er liten tvil om at den digitale utviklinga, om det blir lagt til rette for det, vil redusere avstandsutfordringane i framtida, og gjere det mogeleg å etablere verksemder i og rundt fjellet.

Fjellnettverket meiner det er nødvendig med ei sterk satsing som kan styrke næringsutviklinga i fjellområda. Den bør legge vekt på verdiskaping på tvers av regionane, auka samarbeid og nettverk på tvers av dalføra. Ei ny målretta satsing på innovasjon, kompetanse og berekraftig utvikling, vil gje eit viktig bidrag i å styrke innovasjonsgraden og næringslivet i fjellet.

2. Endre inntektssystemet til kommunane

Kommunar og regionar legg eit viktig grunnlag for god og systematisk næringsutvikling lokalt. Fjellnettverket ynskjer å understreke at gode kommunale rammevilkår er sentralt for å legge til rette for lokal og regional næringsutvikling. Ei spesiell utfordring for fjellkommunane er at overføringane til kommunane baserer seg på innbyggjarar og ikkje på faktiske brukarar.

Utfordringa har auka over tid. Sidan 90-talet har endringane i måten nordmenn brukar og byggjer fritidsbustader endra seg: Frå små hytter med enkel standard, til ein bustad nummer to, med høg standard. Fritidsinnbyggaren brukar meir tid på hytta og i kommunen hytta ligg i. Mange fjellkommunar får mangedobla innbyggjartalet i høgsesongen, noko som har vorte aktualisert i samband med hytteforbodet og beredskap. Debatten rundt dette viste at i ein krisesituasjon er det

mange som ynskjer å bruke fritidsbustaden som ein beredskap og kjenner at dette er plassen dei høyrer heime.

I ein normalsituasjon får kommunane mange positive ringverknader av fritidsbustadene. Men òg store utgifter, mellom anna på grunn av opphaldsprinsippet, infrastruktur og til behandling av byggesaker. Situasjonen rundt koronaviruset har vore og er svært spesiell, men den viser at hyttekommunar står overfor store utfordringar. Fjellnettverket meiner at inntektssystemet for kommunane bør endrast. Overføringane til kommunane blir berekna etter talet på heiltidsinnbyggerar og tek ikkje høgde for at måten nordmenn bur og brukar fritida si har endra seg. Fjellnettverket ber distriktnæringsutvalet vurdere om det er mogeleg å endre berekningsgrunnlaget frå innbyggjar til brukar eller finne ei anna form for å kompensere kommunane.

3. Overgangen til det digitale samfunnet er ikkje for alle

Når skular, barnehagar og arbeidsplassar stengte på grunn av koronaviruset, har det ført til at mange både innan privat og offentleg sektor har teke store digitalt steg inn i framtida. Undervisning, arbeid og til og med sosiale hendingar skjer på nett. Men desse mogelegheitene er ikkje likt fordelt. Den digitale dekninga er svært dårleg eller manglar mange stader i fjellområda. Konsekvensen er at både næringslivet og innbyggarane kjem enno lenger bak i denne utviklinga.

Fjellnettverket meiner at i dagens digitale samfunn, bør tilgang på rimeleg høghastighets breiband være ei rettigheit uavhengig av kvar i landet ein bur. Næringslivet i fjellområda er sårbart, mangel på høghastighets breiband er ei stor ulempe for å starte verksemdar, ha lønsam drift og auke kompetansen. Behovet for tilgang til høghastighets breiband kjem til å vekse i framtida. Ei utbygging av breiband med høg hastigheit vil gje mogelegheiter til å skape sin eigen arbeidsplass, auke kompetansen, jobbe fleksibelt og eit heilt nødvendig grunnlag for næringsutvikling i distrikta.

Kari Randen
Dagleg leiar
Fjellnettverket

Olav Røssum
Styreleiar
Fjellnettverket